



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 02.10.2017  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Per Heltne	Planleggar PS 152/17 og OS 140/17
Torgeir Stensø	Sakshandsamar PS 153/17



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 150/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 151/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 152/17	<b>Planid 2016001 - reguleringsplan E39 Volda - Furene. Planframlegg til offentlig ettersyn.</b>
OS 140/17	<b>Planid 2012012 Fylkesveg 651 - E39 Småbåthamna - Elvadalen. Vidare framdrift - orientering om alternative trasear frå Statens vegvesen</b>
PS 153/17	<b>Grunnavtalar bruar og turveg i Elvadalen</b>
PS 154/17	<b>Høyring - forslag til endringar i barnehagelova</b>
PS 155/17	<b>Bygging av breiband (ekom anlegg - fiber) frå Halkjelsvik til Folkestad</b>
PS 156/17	<b>Framlegg om framhald av Volda som fairtrade-kommune</b>
PS 157/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 141/17	<b>Innspel frå grendautval og grendalag - Høring på ferjerute Volda-Lauvstad - Lauvstad og Velsvik grendautval og Dravlaus- og Innselsetbygda grendalag</b>
OS 142/17	<b>Etablering av skjergardsteneste i Møre og Romsdal</b>
OS 143/17	<b>Avvikling av kommunale heimevernsnemder</b>
OS 144/17	<b>Oversendingsframlegg frå kommunestyret til formannskapet - kulturhus og kino</b>
OS 145/17	<b>Barnetrygd for mottakarar av sosialtrygd</b>
OS 146/17	<b>Felles formannskapsmøte med Ørsta formannskap</b>
OS 147/17	<b>Trafikktilhøve Gamleveggen</b>
OS 148/17	<b>Tilsetting av barnevernssjef</b>



## VOLDA KOMMUNE

OS 149/17      **Spørsmål vedk. korrespondanse med Sykkylven kommune - OS 138/17**

OS 150/17      **Finansiering av Voldatunnelen**

### **PS 150/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

Det var sju møtande ved møtestart.

#### **Innkalling:**

Det var ingen merknader til innkallinga.

#### **Sakliste:**

Ordføreren informerte om felles formannskapsmøte med Ørsta formannskap. Agenda for møtet vert Voldatunnel og grensejustering Bjørke.

Ordføreren informerte om at kommuneplanen sin arealdel vert tema for møtet den 30.10.2017.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om saksgang i høve oversendingsframlegga frå kommunestyret til formannskapet i saka om kulturhus og kino.

Gunnar Strøm viste til rutinar i Ørsta kommune kring barnetrygd og sosialtrygd, og bad om at Volda kommune ser på dette i høve budsjettprosessen.

Ordføreren opplyste om at han tek permisjon frå kl. 15.00.

Dan Helge Bjørneset viste til trafikksituasjonen i Gamlevegen og etterspør tiltak for trafikksikring.

Rådmannen vil orientere om prosess kring rekruttering av ny barnevernssjef.

Odd A. Folkestad møtte kl. 12:10.

Rådmannen viste til spørsmål frå sist møte vedkomande brev frå Volda kommune, OS 138/17 Sal av Sykkylven sine aksjar i Furene AS, og vil informere om dette.

Odd A. Folkestad bad om at finansiering av Voldatunnelen vert sett på saklista.



## VOLDA KOMMUNE

### **Røysting:**

Saklista med tillegg frå ordføraren, rådmannen, Gunnar Strøm, Dan Helge Bjørneset og Odd A. Folkestad vart samrøystes godkjent.

### **PS 151/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte den 19.09.2017, vart samrøystes godkjent.

### **PS 152/17 Planid 2016001 - reguleringsplan E39 Volda - Furene. Planframlegg til offentleg ettersyn.**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Reguleringsplan for E39 Volda -Furene slik det går fram av planomtale, ruleringsføresegner og reguleringsplankart datert 01.09.2017 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10*

#### **Handsaming:**

Astrid Eide Stavseng og Jonas Misund, frå Statens vegvesen, og Per Heltne, planleggar i Volda kommune, orienterte om saka.

Sølvi Dimmen møtte kl. 12:25.

#### **Røysting (ni røysteføre):**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i formannskapet - 02.10.2017:**

*Reguleringsplan for E39 Volda -Furene slik det går fram av planomtale, ruleringsføresegner og reguleringsplankart datert 01.09.2017 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10*



## VOLDA KOMMUNE

### **OS 140/17 Planid 2012012 Fylkesveg 651 - E39 Småbåthamna - Elvadalen. Vidare framdrift - orientering om alternative trasear frå Statens vegvesen**

Astrid Eide Stavseng og Jonas Misund, frå Statens vegvesen, og Per Heltne, planleggar i Volda kommune, orienterte om saka.

Formannskapet drøfta saka og kom med synspunkt til planarbeidet.

### **PS 153/17 Grunnavtalar bru og turveg i Elvadalen**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Avtale om overdraging av eit areal på ca 21 m<sup>2</sup> frå eigar av gnr 19 bnr 778 Volda Eigedom AS til Volda kommune, vert godkjent.*
- 2. Avtale mellom Møre Konfeksjon AS, MKV Eigedom AS og Volda kommune vedrørande løyve til bygging av bru og turveg på gnr 29 bnr 9,44 og 48, vert godkjent.*
- 3. Avtale om overdraging av eit areal på 75 m<sup>2</sup> frå eigar av gnr 19 bnr 999 Marie Halkjelvik og Emma Halkjelvik til Volda kommune, vert godkjent.*
- 4. Avtale om overdraging av eit areal på 155 m<sup>2</sup> frå eigar av gnr 19 bnr 107 Dalsbygd Mek verkstad AS til Volda kommune, vert godkjent.*
- 5. Volda kommune sine kostnader med frådeling av eigedomane samt utbetaling av kr 101 660,- knytt til vilkåra i avtalane vert å dekkje innanfor rammene til sentrumsprosjektet.*

#### **Handsaming:**

Ordførar Jørgen Amdam fekk permisjon kl. 15.00 og varaordførar Fride Sortehaug tok sete som ordførar. Det var 8 røysteføre i møtet.

Sakshandsamar Torgeir Stensø orienterte om saka og svara på spørsmål frå formannskapet.

#### **Røysting (8 røysteføre):**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

### Vedtak i formannskapet - 02.10.2017:

- 1. Avtale om overdraging av eit areal på ca 21 m<sup>2</sup> frå eigar av gnr 19 bnr 778 Volda Eigedom AS til Volda kommune, vert godkjent.*
- 2. Avtale mellom Møre Konfeksjon AS, MKV Eigedom AS og Volda kommune vedrørande løyve til bygging av bru og turveg på gnr 29 bnr 9,44 og 48, vert godkjent.*
- 3. Avtale om overdraging av eit areal på 75 m<sup>2</sup> frå eigar av gnr 19 bnr 999 Marie Halkjelvik og Emma Halkjelsvik til Volda kommune, vert godkjent.*
- 4. Avtale om overdraging av eit areal på 155 m<sup>2</sup> frå eigar av gnr 19 bnr 107 Dalsbygd Mek verkstad AS til Volda kommune, vert godkjent.*
- 5. Volda kommune sine kostnader med frådelling av eigedomane samt utbetaling av kr 101 660,- knytt til vilkåra i avtalane vert å dekkje innanfor rammene til sentrumsprosjektet.*

### PS 154/17 Høyring - forslag til endringar i barnehagelova

#### Administrasjonen si tilråding:

*Administrasjonen får fullmakt til å levere følgjande svar i samband med høyringa om endringar i barnehagelova:*

- 1. I prinsippet er Volda kommune imot statleg normering og standardkrav som grip inn i det lokale sjølvstyret. Manglande samordning av den statlege sektorstyringa gjer at dette skjer i for stor grad. Når det likevel skjer må det vere ein føresetnad at staten syt for full finansiering.*
- 2. Volda kommune er oppteken av tidleg innsats og støttar forslaget om auka grunnbemanning og pedagogtettleik i barnehagane for å auke kvaliteten i barnehagetilbodet. Volda kommune har nådd målet om 50 % pedagogtettleik i dei kommunale barnehagane. Ei endring i barnehagelova bør opne for at kommunen kan gjere vedtak om normer og krav til bemanning i dei kommunale barnehagane utover lovfesta krav, og at desse også skal gjelde dei private barnehagane i kommunen.*
- 3. Volda kommune føreset at skjerpa pedagog- og bemanningsnorm vert fullfinansiert ved tilsvarende styrking av frie midlar til kommunesektoren slik at andre tenesteområde ikkje må nedprioriterast.*
- 4. I berekinga av behovet for finansiering må det takast høgde for den avtalefesta planleggingstida for pedagogar i barnehage. Med kvart årsverk pedagog skal det avsetjast 4 t/v til planlegging. Denne tida må det kompenseras for slik at talet på vaksne saman med borna ikkje vert redusert.*



## VOLDA KOMMUNE

5. *Ei lovfesta plikt til å utarbeide planar for overgang mellom barnehage og skule/SFO må leggest på kommunalt nivå, og kommunane må få heimel til å forplikte private barnehagar og skular.*

### **Handsaming:**

### **Røysting** (8 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 02.10.2017**

*Administrasjonen får fullmakt til å levere følgjande svar i samband med høringa om endringar i barnehagelova:*

1. *I prinsippet er Volda kommune imot statleg normering og standardkrav som grip inn i det lokale sjølvstyret. Manglande samordning av den statlege sektorstyringa gjer at dette skjer i for stor grad. Når det likevel skjer må det vere ein føresetnad at staten syt for full finansiering.*
2. *Volda kommune er oppteken av tidleg innsats og støttar forslaget om auka grunnbemanning og pedagogtettleik i barnehagane for å auke kvaliteten i barnehagetilbodet. Volda kommune har nådd målet om 50 % pedagogtettleik i dei kommunale barnehagane. Ei endring i barnehagelova bør opne for at kommunen kan gjere vedtak om normer og krav til bemanning i dei kommunale barnehagane utover lovfesta krav, og at desse også skal gjelde dei private barnehagane i kommunen.*
3. *Volda kommune føreset at skjerpa pedagog- og bemanningsnorm vert fullfinansiert ved tilsvarende styrking av frie midlar til kommunesektoren slik at andre tenestemråde ikkje må nedprioriterast.*
4. *I berekninga av behovet for finansiering må det takast høgde for den avtalefesta planleggingstida for pedagogar i barnehage. Med kvart årsverk pedagog skal det avsetjast 4 t/v til planlegging. Denne tida må det kompenseras for slik at talet på vaksne saman med borna ikkje vert redusert.*
5. *Ei lovfesta plikt til å utarbeide planar for overgang mellom barnehage og skule/SFO må leggest på kommunalt nivå, og kommunane må få heimel til å forplikte private barnehagar og skular.*



## VOLDA KOMMUNE

### PS 155/17 Bygging av breiband (ekom anlegg - fiber) frå Halkjelsvik til Folkestad

#### Administrasjonen si tilråding:

1. *Volda kommunestyre vedtek utbygging av ekom-anlegg (fiber) til Folkestad til ei kostandsramme på kr 1 963 000 (inkl.mva).*

2. *Finansiering:*

*Momskompensasjon kr 393 000*

*Bruk av ubunde kapitalfond kr 1 570 000*

*Det vert søkt om statleg tilskot til gjennomføring av anlegget. Eventuelt statleg tilskot kjem til fråtrekk og skal førast attende til ubunde kapitalfond.*

3. *Anlegget vil medføre reduserte utgifter med lineleie med ca kr 15 000 pr år. Vidare vil fullt utbygt anlegg kunne ha potensial for årlege inntekter, noko som ein også må kome attende til gjennom justeringsreglane for momshandtering.*

#### Handsaming:

#### Røysting (8 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i formannskapet - 02.10.2017 til kommunestyret:

1. *Volda kommunestyre vedtek utbygging av ekom-anlegg (fiber) til Folkestad til ei kostandsramme på kr 1 963 000 (inkl.mva).*

2. *Finansiering:*

*Momskompensasjon kr 393 000*

*Bruk av ubunde kapitalfond kr 1 570 000*

*Det vert søkt om statleg tilskot til gjennomføring av anlegget. Eventuelt statleg tilskot kjem til fråtrekk og skal førast attende til ubunde kapitalfond.*

3. *Anlegget vil medføre reduserte utgifter med lineleie med ca kr 15 000 pr år. Vidare vil fullt utbygt anlegg kunne ha potensial for årlege inntekter, noko som ein også må kome attende til gjennom justeringsreglane for momshandtering.*





## VOLDA KOMMUNE

### **PS 156/17 Framlegg om framhald av Volda som fairtrade-kommune**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommune søker om fornying av status som Fairtrade-kommune.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting** (8 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i formannskapet - 02.10.2017:**

*Volda kommune søker om fornying av status som Fairtrade-kommune.*

### **PS 157/17 Orienteringssaker**

**OS 141/17 Innspel frå grendautval og grendalag - Høring på ferjerute Volda-Lauvstad - Lauvstad og Velsvik grendautval og Dravlaus- og Innselsetbygda grendalag**

**OS 142/17 Etablering av skjergardsteneste i Møre og Romsdal**

**OS 143/17 Avvikling av kommunale heimevernsnemder**

**OS 144/17 Oversendingsframlegg frå kommunestyret til formannskapet - kulturhus og kino**

Gunnar Strøm viste til oversendingsframlegg frå kommunestyret til formannskapet i juni og september møta, vedk. kulturhus og kino, og reiste spørsmål kring rutinar i høve oversendingsframlegg. Rådmannen informerte om at oversendingsframlegga vert lagt fram for formannskapet på neste møte.

**OS 145/17 Barnetrygd for mottakarar av sosialtrygd**

Gunnar Strøm informerte om at foreldre som mottok sosialtrygd ikkje har krav på barnetrygd og ber om at kommunen tek omsyn til dette i budsjettprosessen. Rådmannen vil sjå nærmare på saka.

Jørgen Amdam møtte kl. 15.40 og tok sete som ordførar. Det var 9 røysteføre i framhald av møtet.

**OS 146/17 Felles formannskapsmøte med Ørsta formannskap**

Ordføraren informerte om at det har kome opp nye opplysningar i saka. Fellesmøte med Ørsta formannskap vert utsett til etter at Statens vegvesen har gjort innstilling i saka om



## VOLDA KOMMUNE

Reguleringsplan E39 Volda-Furene, med omsyn til bompengeløysing, truleg i slutten av november.

### **OS 147/17 Trafikktilhøve Gamlevegen**

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om trafikktryggingstiltak langs Gamlevegen. Ordføreren orienterte om brev frå oppsittarar langs vegen, som påpeikar manglande gatelys og fartshumpar. Kommunen vil følge opp saka.

### **OS 148/17 Tilsetting av barnevernssjef**

Rådmannen orienterte om prosess og tilsetting av ny barnevernssjef. Aina Øyehaug Opsvik har takka ja til stillinga.

### **OS 149/17 Spørsmål vedk. korrespondanse med Sykkylven kommune - OS 138/17**

Ordføreren viste til spørsmål frå sist møte vedkomande brev frå Volda kommune, OS 138/17 Sal av Sykkylven sine aksjar i Furene AS, og informert om at brevet til Sykkylven kommune var motteke til rett tid.

### **OS 150/17 Finansiering av Voldatunnelen**

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om finansiering av Voldatunnelen. Ordføreren informerte om status for arbeidet til prosjektgruppa og den vidare saksgangen.

Møtet slutt kl. 16.00

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
02.10.2017

Sonja Håvik  
konsulent